

Fra: Guri Finne Sognnæs[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no]

Sendt: 14.05.2025 10:37:20

Til: Anne Lise Næs; Lars Øyvind Birkenes[anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no; Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no]

Kopi: Tord Bakke[Tord@3rw.no]; Sigbjørn Øye[sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no]; Terje Natland[terje.natland@kvinnherad.kommune.no]; Synnøve Handeland[synnove.handeland@kvinnherad.kommune.no];

Tittel: Sv: Ang. tilkomst til Gjøa - Rosendal tettstad, eigedom 82/124

Hei Anne Lise

Beklaga sein tilbakemelding i denne saka. Eg og Lars Øyvind har diskutert saka og kome fram til at det ikkje er aktuelt å utvide vegarealet mot aust. Me foreslår at ein kan utbetre sikta med å gå inn på eigedomen gnr/bnr 82/187. Kan ein legge til rette for at det vert parkert på o_P1? Denne parkeringsplassen ligg like ved, og ved å nytte den unngår ein inngrep som påverka viktig omsyn til kulturminne, og komplikasjonar ein slik prosess vil føre med seg.

Med helsing

Guri Finne Sognnæs

Senioringeniør

Infrastruktur og veg

Vegforvaltning Vestland



Tlf: 91576451

www.vlfk.no

Frå: Anne Lise Næs <anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no>

Sendt: torsdag 8. mai 2025 14:50

Til: Lars Øyvind Birkenes <Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no>; Guri Finne Sognnæs <Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no>

Kopi: Tord Bakke <Tord@3rw.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Synnøve Handeland <synnove.handeland@kvinnherad.kommune.no>

Emne: SV: Ang. tilkomst til Gjøa - Rosendal tettstad, eigedom 82/124

Hei

Viser til spørsmål i mars og til dialog under.

Har de høve til å gje meg ei tilbakemelding på korleis me best bør løyse tilkomst til 82/124?

Eg foreslår her ei mindre utviding mot aust på eit par meter (merka lyseblått). Dette slik at me kan unngå parkering framfor bygget mot gs-veg.

Fint med tilbakemelding slik at me kjem vidare med planarbeidet vårt.

Med helsing

Anne-Lise Næs | Planleggjar på Samfunnsutvikling

Mobil: +47 476 79 967



Tenk miljø før du skriv ut!

Fra: Anne Lise Næs

Sendt: torsdag 3. april 2025 12:21

Til: Lars Øyvind Birkenes <Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no>

Kopi: Guri Finne Sognnæs <Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no>

Emne: SV: Ang. tilkomst til Gjøa - Rosendal tettstad, eigedom 82/124

Hei

Eg tenkjer som sagt no, etter vår telefonsamtale, berre ei smal stripe på eit par meter som markert her under. Dette for å få til ein tilkomst til eigedom 82/124.

På andre sida må me inn i ein privat eigedom, men ein kunne sjølvstilt ha vurdert felles tilkomst til dei to eigedommane der.

Eigedom 82/187 er no skjerma med vegetasjon mot restaurantdrifta på 82/124, og det vil truleg verte ein ulempe for nabo dersom dei kjem enda tettare på restaurantdrifta.

Sjå markert areal :



Med helsing

Anne-Lise Næs | *Planleggjar på Samfunnsutvikling*

Mobil: +47 476 79 967

www.kvinnerad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!

Fra: Lars Øyvind Birkenes <Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no>
Sendt: torsdag 3. april 2025 10:52
Til: Anne Lise Næs <anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no>
Emne: SV: Ang. tilkomst til GjØa - Rosendal tettstad, eigedom 82/124

Prøvde å ringa Guri Finne Sognnes no, men ser at ho ikkje er attende før 7. april. Eg er i utgangspunktet skeptisk til å opna opp søraust for kaféen, då den grøne flekken er einaste arealet me ikkje har undersøkt fordi me blei stoppa av Riksantikvaren då me avdekkja gravplassen frå mellomalder i juni 2004. Kunne det vore ein tanke å heller utvida på andre sida, mot nordvest på 82/187?

Med helsing

Lars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar
arkeolog

seksjon for kulturarv
avdeling for kultur og folkehelse



Tlf: 489 91 284
www.vestlandfylke.no

Fra: Anne Lise Næs <anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no>
Sendt: onsdag 26. mars 2025 14:49
Til: Lars Øyvind Birkenes <Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no>
Kopi: Guri Finne Sognnæs <Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Tord Bakke <tord@3rw.no>
Emne: Ang. tilkomst til GjØa - Rosendal tettstad, eigedom 82/124

Hei Lars Øyvind

Viser til telefonsamtale og til e-post av 6.2.25.


I samband med arbeidet med Rosendal tettstad så har me ei utfordring med tilkomst til ein eksisterande eigedom - 82/124 - langs fylkesvegen.

Dette må me løyse på ein måte, og eg forsto det slik at du ville avklare tema med Guri Finne Sognnæs på Infrastruktur og veg.

Førebels informasjon:

Me treng å regulere ein tilkomst til SF1 om lag i området som er markert med pil. Samstundes så treng me å sikre dei mjuke trafikantane langs fylkesvegen med fortau forbi denne eigdommen.


Me er kjende med kulturminne for Kyrkjegarden på Jensajordet, (blå skravur med sikringssone).



Som de ser av bildet under så er ikkje tilhøva så godt lagt til rette for å få dette til på det arealet som eigeommen disponerer i dag, og me treng ein sikrere trafikkssituasjon og ein sikrere tilkomst til denne eigeommen. Dette også jf. tilbakemeldinga frå fylkeskommunen si vegavdeling. I dag køyrer bilar inn og ut langs heile strekket langs fylkesvegen, og det er sær s utrygt for born og andre som ferdast på fortauet (som også delvis fungerer som parkering for denne eigeommen).

Me ønskjer difor å drøfte korleis me kan klare å løyse ein betre tilkomst til eigeommen.

Når eg snakka med deg på telefon så forsto eg at det var vanskeleg å kunne vere positiv til å forlenge parkeringsplassen som markert på flyfoto under.





Kan det likevel vere aktuelt å etablere eit vegareal på eit par meter inn i naboegedomen på austsida av bygget slik at me oppnår ei betre avkøyring og ein trafikksituasjon som kan regulerast.

Det vil også etter mi vurdering lette høve til å parkere på baksida av bygget, kunne snu og kjøre ut igjen same veg. Det viktigaste er likevel at det er høve til å etablere tilkomst og HC-parkering på eigdommen på ein fornuftig måte.

Har du hatt tid til å drøfte tema med Guri?

Med helsing

Anne-Lise Næs | *Planleggjar på Samfunnsutvikling*

Mobil: +47 476 79 967

www.kvinnerad.kommune.no |



KVINNERAD
KOMMUNE

Tenk miljø før du skriv ut!